

**Notat**Dato: 12.10.2016  
Arkivsak: 2014/22155-6  
Saksbehandlar: katclar

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Rapportering frå årsmøtet i Nordsjøkommisjonen****Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune er medlem i Nordsjøkommisjonen (NSC). NSC er ein politisk organisasjon som ble oppretta i 1989 som ein arena for regionar rundt Nordsjøen for å samordne interesser, utveksle erfaringar og utvikle politikk. Organisasjonen er ein av seks europeiske kommisjonar under paraplyorganisasjonen, «Conference for Peripheral and Maritime Regions» (CPMR). Både CPMR og Nordsjøkommisjonen tilbyr fylkeskommunar frå ikkje- medlemslandet Noreg, eit unikt handlingsrom og påverknadsmulegheit i forhold til den europeiske dagsorden.

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien vert operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene. Gruppene arbeider med politikkutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap og er ein viktig politisk arena som også gir gode høve for fagleg samarbeid.

Tidlegare fylkesordførar, Tom-Christer Nilsen (H), ble valt som presidenten i organisasjonen på årsmøtet juni 2014 i to år. Hordaland drev difor Sekretariatet for organisasjonen frå juni 2014-august 2016 med to årsverk.

Styrings komité (Executive Committee) leiar Nordsjøkommisjon og har eit medlem frå kvart land som har medlem. Marianne Chesak frå Rogaland er norsk medlem i styret mens Andreas Lervik frå Østfold er ein av to vise-presidentar. Den overordna avgjerdsorgan er Årsmøtet som fins sted kvart år i juni i forbindelse med Nordsjøkonferansen. Fylkesutvalet har vedtatt at dei skal få ein orientering med informasjon om sakar og vedtak etter kvart årsmøtet i Nordsjøkommisjon.

**Orientering om dei viktigaste sakene**

Dette notatet inneheld ei kort orientering om dei viktigaste sakene som ble handsama på årsmøtet til Nordsjøkommisjonen i Velje, Danmark 17. juni 2016. Meir detaljert informasjon finst i saksutgreiingar og i referatet frå møtet, som er på engelsk og som leggjast fram som vedlegg til denne meldingssaka.

## 1) Rapportane frå arbeidsgruppene

Gruppene rapporterer på kvart møte i styringskomiteen og årleg på årsmøtet. Dei 5 arbeidsgruppene presenterte årsrapportane sine munnleg på møtet, den skriftlege rapporten finst i saksdokumenta.

Gruppe for kultur og turisme: Grappa har jobba med å få aktørane i regionane til å samarbeide om Ungdommens kunstfestival 2017 kor alle nordsjølanda deltar. Prosjektet «Nordsjø sjømat oppleving» er også under arbeid.

Gruppe for økonomisk utvikling: Grappa har hovudsakleg jobba med prosjektutvikling innanfor EU-programma Erasmus+ og har hatt den kreative sektoren i fokus.

Gruppe for marine ressursar: Denne gruppa har jobba med tre hovudtema – fiskeri og akvakultur, maritim arealplanlegging og maritim kompetanseutvikling. Grappa har vore opptatt av å skape gode nettverk og har også lagt fram eit politisk dokument til handsaming under årsmøtet på Utkastforbodet til EU (sjå nærare forklaring nedanfor).

Gruppe for energi og klimaendringar: Grappa har hatt fokus på tema energiutveksling mellom Nordsjølanda og betre samarbeid på energitema. Grappa har også hatt eit nært samarbeid med gruppa for økonomisk utvikling på tema energi og sirkulær økonomi.

Transportgruppa: Denne gruppa har laga ein rapport med oversyn over bruk av alternative drivstoff blant medlemsregionane og elles jobbar dei tett opp mot europeiske (transport) politiske prosessar og CPMR.

## 2) Presentasjon: Nordsjøområdet i tall

Rapporten «Nordsjøområdet i tall» er ein rapport skriva av Dr. Irene McMaster, Strathclyde University, på oppdrag frå NSC som eit underlag for den reviderte NSR 2020-strategien. Rapporten inneheld statistikk og kart på ei rekkje område, til dømes befolkning, økonomi (BNP), areal- og busettingsstruktur, næringsliv, utdanning, sysselsetting, risiko for fattigdom, migrasjon, transport, energi, klima, miljø og reiseliv. Det manglar diverre klimaendringsdata frå Noreg knytt til sårbarheit. McMaster understreka at det har, i nokre tilfelle, vore vanskeleg å finne tal som reflekterer det regionale nivået.

## 3) Informasjon om «A Preparatory Action for the North Sea Region»

“Preparatory Action” løyver inntil € 250 000 frå Europaparlamentet for å sjå nærare på korleis eit tettare samarbeid rundt Nordsjøen kan ha ein tilleggsverdi for innbyggjarane. NSC samarbeider med EU-kommisjonen DG MARE og har gjennomført undersøking og workshops/konferansar for å få rettleiing og svar på dette. Ein workshop med tema «blå vekst» blei arrangert i Den Haag i slutten av juni med delatakarar frå både privat og offentleg sektor, forskning og nasjonale/EU representasjon. Målet var å avdekkje kva for tema som eignar seg best og som er mest aktuelle for aktørane for eit tettare samarbeid rundt Nordsjøen.

## 4) Politiske avgjerd

To politiske saker blei presentert på møtet. Den første handlar om «Utkastforbod» - EU har forbode tidlegare praksis kor fisk har blitt kasta tilbake fordi det ikkje kunne landast under eksisterande kvote. Denne endringa er gjerne sett som positivt men kan ha store verknad for små samfunn i Nordsjøområdet som er avhengig av fiskeriverksemd. NSC ønskjer difor ein mjuk overgang til den nye politikken.

Transportgruppa presenterte eit dokument dei har jobba med kor dei argumenterer for auka tilgjengelegheit for perifere område til EU sitt transportnettverk og infrastruktur og for ein auka satsing på rein, effektiv og inkluderande transport.

#### 5) Revidert Nordsjøstrategi – North Sea Region 2020

Nordsjøstrategien, North Sea Region 2020, er eit førande dokument for korleis NSC skal prioritere saker, oppgåver og samarbeid. Strategien blei vedteken i 2011 og har eit tidsperspektiv fram til 2020. Strategien har fire fokusområde:

- 1) Maritim arealplanlegging og fiskeri
- 2) Tilgjengelegheit og rein transport.
- 3) Handsaming av klimaendringar /berekraftig energi
- 4) Attraktive og berekraftige lokalsamfunn (næringsutvikling, turisme og utdanning).

Ei revidering var naudsynt for å sjekke om strategien fortsatt var relevant og fortsatt hadde riktig perspektiv. Sekretariatet har difor jobba fram ein oppdatert versjon etter ein omfattande prosess og konsultasjon blant medlemmane. Eit oversyn over dagens utfordringar og moglegheiter for regionane er utarbeida. Den nye versjonen er tilgjengeleg som papirversjon.

#### 6) «Legoland Declaration – «Building blocks for the future»

Dette er ein deklarasjon frå sjølve Årsmøtet, retta mot EU-institusjonane og nasjonale regjeringar. Deklarasjonen summerer opp og samlar trådane frå arbeidet som har blitt gjort gjennom året men peiker også framover og gir retning.

Deklarasjonen oppfordrar til eit meir formalisert samarbeid blant nordsjølanda; konkrete konklusjonar og resultat frå «Preparatory Action» i eit format som eignar seg for vidare arbeid; og ei vidare satsing på Interreg (regionalt utviklingsprogram for geografiske område i EU) etter 2020.

#### 7) Forslag om ei permanent Sekretariat

Finansiering av ein slik organisasjon som Nordsjøkommisjon er alltid ei utfordring.

Medlemskontingenten er langt frå tilstrekkeleg til å dekkje alle utgifter til organisasjonen. Dagens ordning går ut på å flytte sekretariatet til regionen til den eikvar tid valde presidenten. Denne vertskapsregionen må dekkje eventuelt underskot. Denne modellen har to ulemper; for det fyrste fører dette til dårleg stabilitet i sekretariatsarbeidet over tid fordi det har vore skifte av president kvart andre år. Kompetanse og nettverk på difor byggjast opp på nytt. For det andre kan ordninga seiast å vere udemokratisk i og med at ikkje alle medlemsregionane har moglegheit til å ta på seg kostnadene ved å drive eit sekretariat.

Dei alle fleste, viss ikkje alle, medlemmer ønskjer å finne ei løysning med eit permanent sekretariat. Fleire forslag har vore lansert den seinare tida til dømes eit permanent sekretariat i Brussel eller ei permanent løysing i ein medlemsregion. Organisasjonen har sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærare på problemstillinga og skal kome med forslag til korleis dette kan organiserast.

#### 8) Omorganisering av arbeidsgruppene

Årsmøtet vedtok å leggje ned to arbeidsgrupper – Gruppe for kultur og turisme og Gruppe for økonomisk utvikling. Samstundes etablerte møtet ei ny gruppe med arbeidstittlen «Sustainable and Attractive Communities».

Eit ledd i omorganiseringa er å redusere kostnadene til organisasjonen. Rådgjeverar for dei tematiske arbeidsgrupper får dekka utgiftene sine med € 12 000 i året. Ved å redusere tal grupper frå fem til fire, sparer organisasjonen € 12 000 i året.

Desse to arbeidsgrupper hadde samstundes uklare ansvarsområde og oppgaver. Det var ikkje tydelig korleis den siste søyla i strategien kunne følgjast opp av desse to gruppene. Den nyoppretta gruppa har ei klår kopling til denne søyla.

9) Val av president og vise-president 2016-2018

Kerstin Brunnstrøm (Västra Göteland) har vore fungerande president sidan Tom-Charister Nilsen slutta som fylkespolitikar januar 2016. Ho ble valt som president på årsmøtet. Andreas Leirvik frå Østfold blei valt som ein av to visepresidentar.